

Interpellasjon til kommunestyremøtet 23.3.2017

Tiltak mot sosial dumping i Kvinnherad

Kvinnherad Arbeidarparti vil at Kvinnherad Kommune skal være ein pådrivar i kampen mot sosial dumping.

I Skien kommune gjekk politikarar og kommuneadministrasjon saman med Fellesforbundet og NHO og laga "Skiensmodellen mot sosial dumping". Seinare har Telemark Fylkeskommune med utgangspunkt i modellen laga ei forsterka utgåve, kalt "Telemarksmodellen". Telemarksmodellen består av i alt 16 tiltak.

1. *Arbeidet skal utførast av tilbyder og deiras ansatte i tjenesteforhold, eller av på forhånd avtalte underentreprenører og deiras ansatte. Tilbyder skal til eikvar tid kunne framlegga dokumentasjon på ansettelseforholdet.*
2. *Eventuell bruk av innleigd arbeidskraft skal være avtalt med byggherren. Innleige skal gjerast i samsvar med arbeidsmiljølova og det skal dokumenterast at innleigd arbeidskraft har ordnede lønns- og arbeidsvilkår. Innleigde skal være fast ansatte med lønn mellom oppdrag i utleigebedrifta.*
3. *Norsk er hovedspråk på byggeplassen, både skriftleg og muntleg. Personar som har leiande funksjonar på byggeplassen skal beherska norsk.*
4. *Alle arbeidstakarar på byggeplassen skal ha kunnskap om og forstå sikkerhetsopplæring, sikkerhetsinstruksar, bruksanvisningar, varselskilt, m.m. Dersom det er arbeidstakere på byggeplassen som ikkje forstår norsk, er det tilbyders ansvar at disse får sikkerhetsinstruksjonar på eit språk dei forstår.*
5. *Tilbydar og underentreprenører som skal engasjeras i prosjektet, skal være godkjente og aktive lærlingbedrifter. Lærling(er) skal delta i arbeidet med utførelse av den aktuelle kontrakten. Evt. unntak skal særskilt begrunnes.*
6. *Avtale om underentreprise med enkeltpersonforetak skal avtalast med byggherren.*
7. *Byggherren tillet ikkje meir enn to ledd i kontraktskjeden. Byggherren kan godkjenne tre ledd når det foreligger en god begrunnelse. Det skal aldri være meir enn tre ledd i kontraktskjeden. Hovedentreprenøren reknast som første ledd. Bemanningsforetak etter AML §14-2 reknast som eit ledd i kontraktskjeden.*
8. *Byggherren kan krevja dagmulkt dersom tilbydar sjølv eller nokon av hans kontraktsmedhjelpere nyttar ulovleg eller ikkje kontraktsmessig arbeidskraft og forholdet ikkje vert retta innan ein frist gitt ved skrifleg varsel frå fylkeskommunen. Mulkten løper fra firstens uttløp til forholdets opphør.*
9. *Ansatte skal ikkje ha dårlegare lønns- og arbeidsvilkår enn vilkåra som er fastsett i tariffavtale for tilsvarande arbeider innan den aktuelle bransjen. Dette gjeld også innleigd arbeidskraft. Ved konstaterte brot på overnevnte bestemmelse, og tilbydar ikkje rettar feilen innen fristens utløp, kan byggherre heve kontrakten. Evt. andre sanksjonsmuligheter kan avtalast i kontrakt.*
10. *Tilbydar skal på oppfordring legge fram dokumentasjon om lønns- og arbeidsvilkår til de ansatte. Alle avtaler tilbyder inngår, og som innebærer utføring av arbeid under*

gjeldande kontrakt, skal innehalde tilsvarande dokumentasjon.

- 11. Løn og annan godtgjersle for samtlege arbeidstakere skal utbetalast til konto i bank. Byggherren skal i tillegg til dei vanlege dokumentasjonskrava kunne følge pengestrømmen til dei ansatte.*
- 12. Tilbydar skal dokujmentere at majoriteten av dei ansatte (ogs evt. Innleigde) er faglærte innan sitt fagområde. Med faglærte forstås fagbrev eller tilsvarande formell utdanning.*
- 13. Alle firma i kontraktskjeden skal gje byggherren fullmakt til å innhenta relevante skatteopplysninger (SKAV-skjema) fra Skatteetaten, både før kontraktsinngåelse og i hele kontraktsperioden.*
- 14. Det skal være elektronisk adgangskontroll på byggeplassen.*
- 15. Tilbyder pliktar å sørge for at likelydande bestemmelser (pkt 1 til 14) inntas i kontraktar med underentreprenører.*
- 16. Kvinnherad Kommune forventar at tilbydere forholder seg til intensjonen i dette vedtaket som er å fremja eit seriøst arbeidsliv med bruk av faste ansatte.*

Omgåelser og tilpasninger vil ikkje bli akseptert og kan føre til at byggherren opphever kontrakten.

Kvinnherad Arbeidarparti meiner at regelsettet vil gjere kommunen til ein føregangskommune i kampen mot sosial dumping. Det er spesielt viktig for kommunen å vise nulltoleranse ovanfor sosial dumping i tida frametter, med fleire større prosjekt i vente. Regelsettet kan også medføre fleire lærlingplassar i tilbydarbedriftene.

Forslag til vedtak:

- 1) Administrasjonen lagar sak til kommunestyret med utreiing om reglane let seg innføre og korleis det skal gjennomførast.

Joakim Espevik

Hilde Enstad

Kvinnherad Arbeidarparti